

BESTANDSPLAN

ØVRE STORDAL STORVILTVALD (ØSS)

for 3 år 2017 – 2018 - 2019

GENERELT

Område:

Valdet omfattar desse jaktfelte:

<i>Felt nr.</i>	<i>Namn</i>	<i>Jaktfeltansvarleg</i>	<i>Areal (dekar)</i>
139	Stavdal	Odd Halvard Midtbust	4.700
140	Lianes - Stølane	Stein Ove Lianes	1.700
142	Almås	Harald Hove	2.800
144	Overøye - Seljehaug	Johan Arnt Overøye	5.800
145	Seljeboten	Ole Halvard Langhaug	7.600
146	Langhaug	Dagfinn Berli	1.900
147	Nakken	Harry Tøsse	1.550
148	Talberg	Kjell Arne Midtbust	4.000
152	Rødset	Ole Jakob Rødset	4.100
154	Øye - Ekre	Inge Helge Øye	8.430
161	Langsætrane	Jarle Hove	19.800
		Sum areal	62.380

BIOLOGISKE MÅLSETTINGAR

Hjorteviltet kan vere viktig for grunneigar, jeger, andre bygdefolk osv., og desse gruppene kan ha kryssande interesser når det gjeld forvaltninga av viltet.

Hovudmålet for forvaltninga er å halde bestanden av hjortevilt så høg som mogleg utan at det går ut over helse og vitalitet hos dyra, og utan at bestanden fører til urimelege ulemper for lokalsamfunnet.

Bestanden skal forvaltast slik at det samla utbytte blir høgast mogleg, og slik at ein oppnår ei sunn og stabil viltstamme.

AKTUELLE TILTAK FOR Å NÅ MÅLA I DRIFTSPLANEN:

Felling og bestandsvurdering:

Etter jakta går styret gjennom rapportskjema, og vurderer samansetjinga og storleiken av bestanden, og ser på moglege konsekvensar for tildeling av fellingsløyve neste år/planperiode.

Samarbeid mellom jaktfelta:

Det blir oppfordra til frivillig samarbeid mellom nabojaktfelt slik at det kan drivast samjakt, dersom dette kan gjere det mogleg å nå måla i driftsplanen og gi ein høgare fellingsprosent.

Merking og bestandsundersøkingar:

Styret vurderer deltaking i merkeprosjekt og undersøkingar saman med andre vald, kommunar, fagmiljø el.l.

Foring:

I snørrike vintrar skal styret vurdere om det bør drivast organisert foring av hjorteviltet i valdet.

Fellingsløyve i perioden:

Det blir sterkt oppmoda til å spare gode produksjonsdyr (både han- og hodyr) under jakta, mellom anna for å byggje opp ei stamme med gode overvintringseigenskapar (tidleg brunst, tidleg kalving, færre «skrapdyr»). Ved jakt på kolle med kalv skall kalv alltid skytast først.

På grunnlag av måla i planen ønskjer ein å ta ut ca. 78 hjortar årleg, totalt 234 dyr over 3 år med følgjande fordeling:

Fordeling av tildelte dyr i planperioden 2017 – 2018 – 2019

<i>Felt nr.</i>	<i>Namn</i>	<i>Areal</i>	<i>Kalv</i>	<i>Hodyr</i>	<i>Handyr eldre</i>	<i>Handyr 1,5 år</i>	<i>Sum</i>
139	Stavdal	4.700	4	7	3	4	18
140	Lianes	1.700	1	3	1	1	6
142	Almås	2.800	2	6	2	2	12
144	Overøye/Seljehaug	5.800	4	10	4	6	24
145	Seljeboten	7.600	6	12	6	6	30
146	Langhaug	1.900	1	2	2	1	6
147	Nakken	1.550	1	2	2	1	6
148	Talberg	4.000	3	6	3	3	15
152	Rødset	4.100	3	7	4	4	18
154	Øye/Ekre	8.430	6	14	12	10	42
161	Langsætrane	19.800	12	23	10	12	57
Totalt på 3 år			<i>43</i>	<i>92</i>	<i>49</i>	<i>50</i>	234
			+	Restkvote	36		
Totalt på 3 år inklusiv restkvote blir då:					270		

Ein vil tillate at det blir fri felling av hodyr innan kvoten på hodyr, og **kalv** kan fellast på løyve av **eldre dyr**, **spissbukk** for **eldre bukk**.

Restkvote: 36 dyr i planperioden. 12 dyr pr. år.

Jaktfelt/jaktlag kan søke skriftleg/E-post til styret om tildeling av restkvoten, når ca. 70% av året sin kvote er skote. Styret ved leiar tek avgjerd om tildeling. Ein får tildelt 1 fritt dyr per søknad, og får behalde tildelinga ut planperioden. Det er ikkje tillatt å felle dyr av restkvoten før tildeling.

Skrapdyr:

Skrapdyr som blir skotne og gravd ned, blir ikkje trekt av kvoten. Slike unntak skal kontrollerast av ein styrerepresentant utanfor jaktfeltet. Alderen på felte dyr kan bestemmast ved å undersøkje kjeven. På fellings-rapporten skal felte dyr plasserast i rett aldersklasse.

Vektgrenser på skrapdyr: Kalv under 18 kg. 1,5 år hanndyr under 40 kg. 1,5 år hodyr under 38 kg. Eldre hodyr under 50 kg. Eldre hanndyr under 60 kg. Veid og kontrollert skrapdyr, gir et tilleggsloyve på tilsvarande dyr.

Rådyr:

Det blir fri jakt på rådyr, med meldeplikt som for hjort.

NÆRING

Næring og næringsutvikling er eit ansvar for kvart enkelt jaktfelt.

ØKONOMISKE FORHOLD

Driftsøkonomien for valdet blir sikra ved ei administrasjonsavgift på kr.100,- pr. felt hjort. Avgifta skal betalast inn til styret saman med fellingsavgifta innan 14 dagar etter slutten på jakttida. Styret betaler fellingsavgifta til kommunen på grunnlag av rapporten frå jaktfelte. Spesielle tiltak og årlege kostnader kan også finansierast med tilskot frå viltfondet i kommunen, etter søknad. Styret arbeider for å gi valdet best mogleg økonomisk grunnlag for å nå måla i planen.

Stad: Stordal Dato: 26/4 - 2017

Valdansvarleg: Inge Helge Pege